



Knut Hendriksen
Signatur gatan 14 A
11322 Stockholm, Sverige

Dato: 02.05.2014
Vår ref.: 2014/15604-2
Saksbehandlar: pereker
Dykkar ref.:

Ole Bulls Villa - Valestrand - Osterøy kommune - Spørsmål om forhold til Festspillene i Bergen

Vi viser til Dykkar brev dagsett 12. april 2014 vedrørende bruken av Ole Bull sin villa på Valestrand som konsertarena og årleg støtte frå Hordaland fylkeskommune.

For Hordaland fylkeskommune er dette ei sak som gjeld den regionale politikken på to felt: kulturminne og ålmenn kultur. Fylkeskommunen har tidlegare støttet gjennomføringa av ei rekke tiltak på villaen og i parklandskapet. Det er i tillegg sett av midlar til drift av eigedommen på post 400.620 Tilskot ålmenne kulturvernrføremål. Tilskot for 2014 er på 186.000,-

Dei årlege driftskostnadene er knytt til branngjerd, alarm, oppvarming, lagring av verdfulle gjenstandar, stemming av flygel og årleg vedlikehald og reparasjon av villaen. I tidlegare søknader er det lagt til grunn at midlane skal styrke både den museale drifta og konsertverksamheten. I 2006 vart det underteikna ny avtale med Festspillene i Bergen om 4 konserter per år. Det er denne som no er tenkt avslutta. Villaen har også til ein viss grad vore tilgjengeleg for omvisingar, foredrag, konserter og andre kulturhendingar.

Det er liten tvil om at Ole Bull sin villa på Osterøy er mellom dei mest framståande komponistheimane i Noreg. Det er lagt ned stor og viktig innsats gjennom mange år slik at vitjande framleis kan oppleve Ole Bull sin autentiske heim og landskap. Hordaland fylkeskommune er svært takksam for det arbeidet som er gjort.

Festspillene i Bergen er ein framstående profesjonell aktør nasjonalt og internasjonalt, når det gjeld produksjon av konserter. Hordaland fylkeskommune har også eit særleg samarbeidsprosjekt med Festspillene om såkalla regionale festspelsatelittar. Det er vonleg at det er mogleg å kome fram til løysingar for eit vidare samarbeid med komponistheimen som arena for festspelproduksjonar. Sjølv om konsertsamarbeidet med Festspillene skulle verte lagt ned, vil likevel omsynet til langsiktig drift og bevaring av eigedommen vere det viktigaste. Samarbeidet med musikkfestivalen styrker formidlinga av Bull sin heim, men dei kulturhistoriske interessene er sterke nok til å forsøre å bruke regionale løvingar til drift av eigedommen. Uavhengig av konsertprogrammet vil dessutan villaen vere tilgjengeleg for kulturhistorisk formidling som tidlegare. Dette er etter Hordaland fylkeskommune sitt syn viktig.

Vi gjer merksam på at løyving av driftsmidlar er del av den årlege budsjetthandsaminga. Søknadsfristen er 1. april kvart år.

Med beste helsing,

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
Osterøy kommune
Festspillene i
Bergen